

# FØRESEGNER

## TIL REGULERINGSPLAN FOR VEG TIL ØRSKOG VIDAREGÅANDE SKULE I ØRSKOG KOMMUNE

### 1 GENERELT

- 1.1 Disse føresegnene gjeld for området innanfor reguleringsgrensa på plankartet. Utbygging av området skal skje i samsvar med plankartet og føresegnene.
- 1.2 Disse reguleringsføresegnene kjem i tillegg til Plan- og bygningslova med forskrifter og bygningsvedtekter for Ørskog kommune.
- 1.3 Der særlege grunnar talar for det, kan planutvalet innafor ramma av Plan- og bygningslova tillate mindre vesentlege unntak frå reguleringsplanen.
- 1.4 Etter at desse føresegnene er vedtekne, er det ikkje tillate å inngå privatrettslege avtalar i strid med reguleringsføresegnene.
- 1.5 Området er regulert til følgjande formål:

#### Byggeområde (pbl §25.1)

- Offentleg undervisning

#### Landbruksområde (pbl §25.2)

- Jord- og skogbruk

#### Offentlege trafikkområde (pbl §25.3)

- Køyreveg
- Gang- og sykkelveg. Fortau
- Anna veggrunn (grøft, skjering, fylling m.m.)

#### Offentlege friområde (pbl §25.4)

- Friområde generelt

#### Spesialområde (pbl §25.6)

- Frisiktsone

### 2 FELLES FØRESEGNER

#### 2.1 Byggegrenser

Byggegrenser mot offentlege vegar er vist på plankartet. Der byggegrenser ikkje er vist, gjeld reglane i veglova og i plan- og bygningslova §70 om avstand frå veg, annan bygning, eigedomsgrense m.m.

### 3 BYGGEOMRÅDE

#### 3.1 Offentleg undervisning, O1-O3

På områda kan det oppførast bygningar og anlegg for undervisningsformål.

### 4 LANDBRUKSOMRÅDE

#### **4.1 Jord- og skogbruk, J1**

Området skal nyttast til jordbruk. Det er ikkje tillate med oppføring av andre bygningar eller anlegg enn det som trengst i samband med gardsdrifta.

### **5 OFFENTLEGE TRAFIKKOMRÅDE**

#### **5.1 Vegareal**

På regulert veggrunn er det ikkje tillate med andre anlegg eller innretningar enn dei som er nødvendige for drift og vedlikehald av veganlegget.

### **6 FRIOMRÅDE**

#### **6.1 Friområde generelt, FR1**

I dette området kan det ikkje iverksetjast tiltak som reduserer området sin kvalitet som rekreasjons- og friområde.

Oppsetting av stengsler som hindrer den almenne ferdsel er ikkje tillatt.

På området kan det gjerast inngrep og tiltak som aukar brukskvaliteten på området.

### **7 SPESIALOMRÅDE**

#### **7.1 Frisiktsone**

I området mellom frisiktline og køyreveg (frisiktsona) skal det vere fri sikt i ei høgde på 0,5 meter over nivået til dei tilstøytande vegane.

Ørskog kommune og Statens vegvesen kan kreve at sikthindrande vegetasjon og gjenstander vert fjerna. Høgstamma tre, trafikkskilt og lysmaster kan plasserast i frisiktsona.

\*\*\*\*\*